



NGIR sine medlemskommunar

Gebyr slam for 2016

Representantskapet i NGIR gjorde 26.10.15 vedtak om kva gebyrsatsar NGIR vil tilrå kommunane å vedta for 2016. Her fylgjer satsane med kommentarar. Alle tal er utan meirverdiavgift. NGIR ber kommunen gjera vedtak om gebyrsatsar.

Endring i gebyr frå 2015 til 2016

Slamgebyret vart halde uendra frå 2010-2015. Dette kunne gjerast då NGIR har hatt eit utjammingsfond å tæra av. Konsumprisindeksen frå januar 2010 til august 2015 auka til samanlikning med 9,9 %.

I økonomiplanen for 2015-2018 går det fram at "*dersom dagens kostnadsbilete heldt seg, må gebyret aukast med om lag 8,2 % (kvar år) i 2016, 2017 og 2018 for at utjammingsfondet skal vera kr 0 ved utgangen av 2018*".

Det er budsjettert med kr 462 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert auka med 8,2 %. For å finansiera dette kan ein nytta utjammingsfondet.

Gebyr septikslam private: kr 808
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 326

Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjammingsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 507 948 for 2016, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjammingsfondet:

Resultat 2016	-462 000
+ Rentekostnader	46 305
- Renteinntekter bankinnskot	7 806
- Kalkulatorisk rentekostnad	84 446
= Sjølvkostresultat	-507 948

Ujammingsfondet er venta å verta redusert frå kr 2 706 924 per 01.01.2015 til kr 1 091 053 ved utgangen av budsjettåret.

Utjammingsfond 01.01.2015	2 706 924
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2015	-1 173 942
Kalkulert rente utjammingsfond 2015	46 485
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2016	-507 948
Kalkulert rente utjammingsfond 2016	19 534
Budsjettert utjammingsfond 31.12.2016	1 091 053

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar for slam i 2016:

Gebyr septikslam private: kr 808

Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 326

Handsaming i styremøte 13.10.15:

Samrøystes tilrådd av styret.

Handsaming i representantskapsmøte 26.10.15:

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Kjevikdalen, 27.10.15



Erlend Kleiveland

- dagleg leiar -